

LÆRDAL KOMMUNE
Øyraplassen 7
6887 LÆRDAL

att. Primærlegar og legevaktslegar i Helse Førde sitt dekningsområde

Dykkar ref.: Vår ref.:
2023/6776 - 48419/2023

Saksbehandlar:
Stian Sægrov

Dato:
16.11.2023

Endra rutiner for legemiddelhandtering i ambulansetenesta - ordinerer etter prosedyre

Endra rutinar for legemiddelhandtering i ambulansetenesta – ordinerer etter prosedyre

Bakgrunn

Helse Førde utviklar kontinuerleg tilbodet i ambulansetenesta, m.a. legemiddelinnhald. Dei seinare åra har tenesta innført trombolysse ved STEMI, fentanyl har erstatta morfin, NSAID (ketorolac) er innført og no sist, ketamin er innført som adjuvant smertelindring.

Endringane har vore sonder og drøfta i «akuttmedisinsk samhandlingsforum», forankra i delavtalen om den akuttmedisinske kjeda mellom kommunane og Helse Førde. Forumet har vore ein viktig dialogpartner i prosessane, kor representantar frå Helse Førde, dei større legevaktene og fleire kommuneoverlegar møtest kvartalsvis.

Ambulansetenesta sine rutinar for legemiddelhandtering har til no vore slik at ein i kvart enkeltopdrag har fått ordinasjon med vaktlege eller innleggande lege.

Overgang til ordinasjon etter virksomheten sine prosedyrer

Ambulansetenesta har utarbeidd eit opplæring- og kvalitetsstyringssystem som no gir tilsette med gyldig trinn 2 bedriftsintern godkjenning, høve til å iverksette legemiddelhandtering etter fastsett prosedyre når ikkje lege er fysisk til stades med pasient.

Endringa vart presentert i sist møte i akuttmedisinsk samhandlingsforum 22.sept.2023, der framlegget fekk god tilslutning. Prosedyren er samsvarande med etablert praksis i mange føretaka.

Utplassering og bruk av potente legemidlar i ambulansetenesta inneber eit auka ansvar for Helse Førde i høve til opplæring og sertifisering av ambulansesepersonell. Krav til kompetanse i ambulansetenesta er allereie detaljregulert i akuttmedisinforskrifta §11, bemanning og helsefagleg kompetanse i ambulansetenesta.

Vi ser det naturleg å informere samarbeidsaktørar som primærlegar og vaktlegar om denne endringa. Ei av målsettingane har vore å sikre at alle pasientar får riktig og rask medikamentell behandling, spesielt smertelindring. Vi erfarer også at retningslinja kan spare både vaktleger og AMK-sentralen for mange kontaktar knytt til legemiddel-ordinasjonar. Det har og vist seg at ikkje alle vaktlegar er like godt kjende med protokollar for legemiddeladministrasjon i ambulansetenesta.

Intensjonen med lovgrunnlaget er at virksomheten skal kunne lage prosedyrar, som helsepersonell kan nytte til å administrere og dele ut legemidlar når ordinasjon er nødvendig for å kunne yte forsvarleg helsehjelp, og i situasjonar kor det ikkje er praktisk mogleg at lege ordinerer til den enkelte pasient.

Helse Førde meiner på denne bakgrunn at legar i primærhelsetenesta oppfyller sitt medisinske ansvar med å la ambulanspersonell administrere legemidlar etter prosedyre når lege ikkje er fysisk tilstades. Ved uvisse eller behov for konsultasjon, vert det alltid forsøkt etablert kontakt med ansvarleg lege.

Ved samhandling når helsepersonell med rekvireringsrett (lege) er til stades skal ordinerings av legemidlar skje på vanleg måte. Tilsvarende gjeld avgjersle i medisinske spørsmål som gjeld undersøking og behandling av den enkelte pasient.

Ambulansetenesta har tiltakskort og prosedyrar tilgjengeleg på app'en Bliksund App. For samarbeidande helsepersonell må ein gjerne laste desse ned å ha tilgjengeleg. Vel organisasjon: Helse Førde HF, og brukarnamn: Legevakt, passord: Legevakt. Legevakter som sjølv har Bliksund tiltaksbok, kan abonnere på desse prosedyrane og tiltakskorta gjennom tilgang i eigen organisasjon. .

Trinngodkjenning i ambulansetenesta

Som del av kvalitetsstyringssystemet og internkontroll i ambulansetenesta, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten, har tenesta ein todelt modell for trinn-sertifisering og resertifisering av tilsette annakvart år.

Trinn 1 - personell skal i utgangspunktet berre assistere trinn 2 personell ved legemiddelhandtering og avanserte behandlingsprotokollar. I dei tilfelle trinn 1 personell administrerer legemiddel, skal dette vere etter direkte (enkeltstående) ordinerings av lege. Om trinn 1 likevel må gi legemiddel etter våre protokoller, utan ordinasjon frå lege, t.d. ved samanbrot av kommunikasjonssystem, skal det skrivast avvik.

Trinn 2 - personell kan no administrere og gi medikament etter prosedyrar utarbeid av Helse Førde. Vi har som mål at det alltid skal vere minst eit trinn 2 personell på fartøyet, men i feriar og ved fråvær kan det vere unntak.

Lovgrunnlag

Lov om Helsepersonell og Forskrift om legemiddelhandtering for virksomheter og helsepersonell som yter helsehjelp, opnar for at verksemder kan basere seg på ordinerings

etter prosedyrar. I kommentarane til legemiddelhandteringsforskriften er det m.a. konkret vist til ambulansetenesta.

Lov om helsepersonell

§ 11 Rekvirering av reseptbelagte legemidler:

Bare leger og tannleger kan rekvirere reseptbelagte legemidler. Departementet kan i forskrift bestemme at annet helsepersonell med autorisasjon eller lisens kan få begrenset rekvireringsrett.

§ 16 Organisering av virksomhet som yter helse- og omsorgstjenester:

Virksomhet som yter helse- og omsorgstjenester, skal organiseres slik at helsepersonellet blir i stand til å overholde sine lovpålagte plikter.

Departementet kan i forskrift fastsette nærmere bestemmelser om ordinerings av legemidler gjennom virksomhetens prosedyrer som skal kunne erstatte leges eller tannleges individuelle ordinerings til enkeltpasienter.

Forskrift om legemiddelhandtering for virksomheter og helsepersonell som yter helsehjelp

§ 7 Krav til istandgjøring og utdeling:

Helsepersonell skal sørge for at riktig legemiddel gis til riktig pasient, i riktig dose, til riktig tid og på riktig måte.

Istandgjøring og utdeling av legemidler skal som hovedregel skje på grunnlag av ordinerings gjort til enkeltpasient. Unntatt fra dette er utdeling av legemidler som skjer på grunnlag av ordinerings gjennom virksomhetens prosedyre og gjelder kun situasjoner der slik ordinerings er nødvendig for å kunne yte forsvarlig helsehjelp. Prosedyren skal være fastsatt av virksomhetsleder, og utarbeidet i samråd med helsepersonell med rekvireringsrett til pasient.

I kommentarane til legemiddelhandteringsforskriften, IS 7/2025, kap. 4.8.2 ordinerings etter prosedyre, er det vist til konkrete eksempler:

Denne forskriftens § 7, andre ledd, gir nødvendig rettslig hjemmel for utdeling av legemidler på grunnlag av ordinerings gjennom virksomhetens prosedyre. Dette er for å kunne yte forsvarlig helsehjelp, når helsepersonell med rekvireringsrett ikke er tilgjengelig på stedet og kan ordinere legemidlene.

Ordinerings gjennom prosedyre er et unntak fra hovedregelen om at det som hovedregel er leger og tannleger som skal ta beslutninger om rekvirering og ordinerings av legemidler, jf. helsepersonellovens § 11. I helseinstitusjoner og virksomheter som yter helsehjelp, vil det ikke alltid være praktisk mulig at rekvirent (i hovedsak lege) er til stede for enhver igangsetting og instruerings av legemiddelbehandling av den enkelte pasient. Et eksempel er i ambulansetjenesten eller på sykehjem. Der det er nødvendig for å kunne yte forsvarlig helsehjelp til pasientene, kan virksomheten organiseres slik at ordinerings av legemidler kan skje i henhold til på forhånd fastsatte helsefaglige prosedyrer. Slike prosedyrer vil kunne erstatte en individuell ordinerings til enkeltpasienter gjort av rekvirerende lege. Ordinerings gjennom prosedyrer kan da

skje til grupper av pasienter som er definert ut fra nærmere bestemt helsetilstand. Når helsepersonell med rekvireringsrett er tilgjengelig, skal ordinerings av legemidler skje på vanlig måte.

Vennleg helsing

Ambulansetenesta

Stian Sægrov
Ambulansesjef

Rune Arild Larsen
Medisinsk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

Vedlegg:

- 1 Retningslinje - legemiddelhandtering etter prosedyre med grunnlagsinformasjon
- 2 Retningslinje - ansvarsforhold i ambulansetenesta

KINN KOMMUNE
ASKVOLL KOMMUNE
SUNNFJORD KOMMUNE
GLOPPEN KOMMUNE
SOGN LOKALMEDISINSKE SENTER
ÅRDAL KOMMUNE
NORDFJORD LEGEVAKT/LEGEVAKTFORMIDLING
STRYN KOMMUNE
SOLUND KOMMUNE
VIK KOMMUNE
FJALER KOMMUNE
STAD KOMMUNE
SUNNFJORD OG YTRE SOGN INTERKOMMUNALE LEGEVAKTSAMARBEID
SOGNDAL KOMMUNE
HØYANGER KOMMUNE
AURLAND KOMMUNE
LÆRDAL KOMMUNE
LUSTER KOMMUNE
BREMANGER KOMMUNE
HYLLESTAD KOMMUNE
AMK FØRDE